

Lars Johan Myklebust til toppklubb.

08.02.2017



Lars Johan Myklebust på den nye kunstgrasbanen saman med kameraten Yngve Myhre.

(OPPDATERT): Sist vi skrev om fotballtrenaren Lars Johan Myklebust ved juletider jobba han ved eit fotballakademi i Dubai. No er han klar for nye fotballoppgåver i heimlandet att. I dag fortel Kvinnheringen.no at han no er tilsett som utviklingsansvarleg i toppklubben Sandnes Ulf.

Som utviklingsansvarleg i Sandnes Ulf vil han mellom anna ha ansvar for alt utviklingsarbeid i klubben, skaffa trenarar og spelarar til G16, G19 og rekruttlaget.

– Dessutan har Norsk Fotballforbund begynt med klassifisering av akademia til toppklubbane. Det er ein prosess eg vil ha hovudansvar for, seier Lars Johan til Kvinnheringen.

Han skal byrja i den nye stillinga i morgen, og då reiser han til La Manga der han skal delta på ein konferanse i regi av Norsk Toppfotballsenter. Lars Johan ser fram til å koma i gang i den spennande og utfordrande jobben.

Før jobben ved fotballakademiet i Dubai, var han 2 år i den belgiske klubben BX Brüssel. Han har også trenarbakgrunn frå Trio, Rosendal, Brann 2 og Nordheimsund.

De finn meir om den nye fotballjobben til den lærarutdanna uskedelingen på kvinnheringen.no.

De kan lesa kva Sandnes Ulf skriv om sin nye utviklingsleiar [HER:](#)

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland